

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 43/2020

Møtedato: 16.12.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Val av revisor

Fjellstyra er pålagt å ha registrert revisor ev. kommunal revisjon jf. Statskog sitt rundskriv 1/2003 «Rundskriv om Fjellstyrenes rekneskap og revisjonsordning». Vestre Slidre fjellstyre har tidlegare brukt Kommunerevisjon IKS på rekneskapen sin. Dette selskapet er no avvikla og vi må finne ei anna løysing. I dialog med administrasjon i Øystre Slidre fjellstyre har vi kontakta fleire revisjonsfirma og fått pristilbod frå 4 ulike.

Revidering av éin fjellstyre-rekneskap er litt annleis enn eitt «vanleg firma». Det er derfor ein klar fordel om dei har erfaring med fjellstyre-rekneskap frå før. Nilsons revisjonskontor AS på Dokka er eitt av dei som har levert eitt tilbod til oss på kr på kr. 14.000,- eks. mva. Dei er kjente med revisjon av fjellstyre-rekneskap.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre vel Nilsons Revisjonskontor AS til å revidera rekneskapen f.o.m. 2020.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre vel Nilsons Revisjonskontor AS til å revidera rekneskapen f.o.m. 2020.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.12.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nilsons revisjonskontor AS
Statskog